



Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal-/samfunnsplanavdeling
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2175 - 14/8318

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
25.06.2014

Høring - søknad om dispensasjon frå LNF-område i kommuneplanen for riving av eksisterande våningshus og oppføring av ny einebustad, gnr. 27, bnr. 3 og 8

OVERSENDING AV SØKNAD TIL UTTALE.

Det vert vist til søknad motteke 08.05.2014 frå Harald Sundhordvik om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel LNF-område, jf plan og bygningslova § 19-2. På eigedomen er det oppført to våningshus. Det er no vert no søkt om riving av det eldste våningshuset med adresse Moldekleiv 86 og å føra opp ny einebustad på same staden.

Planstatus

Eigedomen ligg i område avsett til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Søknad om dispensasjon.

Det vert i skriv dagsett 06.05.2014 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eit eldre våningshus med adresse Moldekleiv 86, for å føra opp ein ny einebustad på same staden. For grunngjeving av søknaden vert det vist til til denne i sin heilheit. Sjå vedlegg.

Nabovarsling:

Søknaden er nabovarsla og det har ikkje kome merknader.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggjeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter plan og bygningslova kap. 1 og § 19-2.

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det mellom anna: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg tilside. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt til dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurdertast. Tiltaket endrar ikkje på arealbruken eigedomen har i dag.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune, regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf plan- og bygningslova § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- /samfunnsplanavdeling	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Regionalavdelinga	5020	BERGEN